



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 10.07.2017

Vår ref.: 2017/8089

Arkivnr.: 621

Sauda kommune
Postboks 44
4201 SAUDA

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om tilsyn med barneverntenesta i Sauda kommune

Fylkesmannen har bestemt at det i 2017 skal førast tilsyn med kommunane sitt arbeid med undersøkingar.

Tilsynet vil finne stad 31. oktober, 1. og 6. november 2017 i kommunen.

Tilsynet omfattar fylgjande tema:

Korleis sikrar kommunen at undersøkingar blir gjennomført i tråd med lov og forskriftskrav, irekna;

- at det blir gjennomført tilstrekkelege undersøkingar
- at barnet si rett til medverknad i undersøkinga er ivareteken
- at det blir gjort ei forsvarleg vurdering før barneverntenesta konkluderer i undersøkinga

Aktuelt lovgrunnlag:

- Lov om barneverntenester
- Forvaltningslova
- FN sin konvensjon om barnet sine rettar av 20. november 1989 med protokoller
- Forskrift om internkontroll for kommunen sine oppgåver etter lov om barneverntenester

Tilsynet vil bli gjennomført som systemrevisjon. Ved denne tilsynsmetoden vil Fylkesmannen undersøkje om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at tenestene er i tråd med lovkrav. Dette inneber ei gransking av skriftlege dokument, gjennomføring av intervju og stikkprøver.

Det vil bli felles opning- og sluttmøte. I opningsmøtet vil Fylkesmannen informera om formålet med tilsynet. I sluttmøtet gjer vi greie for funn frå tilsynet, basert på dokumenta, intervju og verifikasjonar. Det er ynskjeleg at kommunen si administrative leiing og aktuelle fagleiarar er til stades under fellesmøtene, i tillegg til dei personane som skal intervjuast.

Forslag til program for tilsynet vil bli utarbeidd og oversendt kommunen to veker før tilsynet. Det vil der framgå kva for personar vi ynskjer å intervju. Fylkesmannen vil gjennomgå saksmapper i

kommunen 31. oktober. Opningsmøte og intervju vil bli gjennomført 1. november og tilsynet vil avsluttast med sluttmøte måndag 6. november.

Konklusjonane frå tilsynet vil bli presentert i ein eigen rapport. Eit utkast til denne rapporten vil bli lagt fram for kommunen for ev. kommentarar til dei faktiske forholda, før den endelige rapporten blir ferdigstilt og oversendt kommunen for ei eventuell oppfølging. Både foreløpig og endeleg rapport etter tilsynet er offentleg.

Fylkesmannen ber om å få tilsendt følgende dokument på førehand:

- Organisasjonsforklaring med organisasjonskart, arbeidsbeskrivingar og oversikt over leiarar og tilsette i barneverntenesta
- Dokumentasjon/beskriving av internkontroll, inkludert; intern rapportering, bruk av risikovurderingar og avviksmeldingar
- Dokumentasjon eller beskriving av mål for arbeidet med undersøkingar
- Opplæringsplaner ev. anna som beskriv kommunen sin opplæring av alle tilsette, også nytilsette
- Rutiner for rettleiing av tilsette
- Opplysningar om tiltak som sikrar brukarmedverknad, ev. resultat av relevante brukarundersøkingar
- Informasjon om tenesta sin møtestruktur
- Aktuelle rutinar for;
 - meldingar
 - undersøkingar
 - barnet sin medverknad
 - avgjerdsmynde i tenesta
- Opplysningar om verktøy (malar, skjema), ev. skriftlege prosedyrer som vert brukt i undersøkingsfasen
- Årsmelding frå 2016 for barneverntenesta
- Ev. andre styrande dokumenter og informasjon som kan gje ei oversikt og informasjon om tenesta

Vi ber om å få dokumentasjonen tilsendt **innan 1. september 2017**.

Dokumentgjennomgang (verifikasjon) vil bli gjennomført i kommunen 31. oktober. Revisjonsleiar vil ta kontakt for å avtale det praktiske vedr. mappegranskinga.

Fylkesmannen vil involvere brukarar i gjennomføringa av tilsynet og har innleia eit samarbeid med Forandringsfabrikken kring dette. Barneverntenesta vil bli kontakta av Fylkesmannen v/ Asle Hjelman for å avtale dette nærare.

Vi ber om å få disponera eit møterom til gjennomføringa av tilsynet. Fylkesmannen ber kommunen peika ut ein **kontaktperson** til førebuinga av tilsynet og at navnet blir meldt til revisjonsleiar så snart som mogleg per e-post.

Tilsynet vil bli gjennomført av Anne Mette H. Ziolkowski, Asle Hjelman, Trine Hove Bjørnsen og Brit Espeland Nedreaas, med sistnevnte som revisjonsleiar og kontaktperson.

Dersom de har spørsmål til tilsynet, kan de ta kontakt med revisjonsleiar på telefon 51568764 eller e-post fmroben@fylkesmannen.no.

Med helsing

Marit Bergeland
ass.avdelingdirektør

Brit Espeland Nedreaas
revisjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Brit Espeland Nedreaas
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 64
E-post: fmroben@fylkesmannen.no

Kopi til:
Barneverntenesta i Sauda Postboks 44 4201 SAUDA